

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Britt Jorunn Blindheim	Arkiv:	K1 - 203
Arkivsaksnr:	14/974 15/1222		

HØYRINGSUTTALE-OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJINGA TIL SKATTEETATEN

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	03.02.2015	006/15
Kommunestyret	11.02.2015	005/15

Rådmannen si innstilling:

Sula kommunestyre meiner at diskusjonen om statlegging av skatteinnkrevjinga høyrer heime i utredninga om kva oppgåver som skal løysast av kommunane.

03.02.2015 Formannskapet

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd.

F-006/15 Vedtak:

Sula kommunestyre meiner at diskusjonen om statlegging av skatteinnkrevjinga høyrer heime i utredninga om kva oppgåver som skal løysast av kommunane.

11.02.2015 Kommunestyret

Vibeke Bjørkavåg (H) sette på vegner av Sula Høgre og Sula Frp fram slikt fellesforslag:

"Sula kommune er positiv til fornying, forenkling og forbedring av offentlig sektor. I denne saka ber vi om at regjeringa balanserer lokale og nasjonale omsyn."

Fellesforslaget vart sett opp mot rådmannen si innstilling og vedtatt med 17 mot 11 stemmer.

K-005/15 Vedtak:

Sula kommune er positiv til fornying, forenkling og forbedring av offentlig sektor. I denne saka ber vi om at regjeringa balanserer lokale og nasjonale omsyn.

Bakgrunn for saka:

Finansdepartementet sendte 1. desember ut til høyring forslag om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten. [Høyringsbrevet](#) bygg på ei utgreiing frå Skattedirektoratet om gjennomføring av overføring av skatteoppkrevjaroppgåva etter oppdrag frå finansdepartementet.

Uttale fristen er sett til 2. mars 2015. Regjeringa tek sikte på å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen til skatteetaten frå 1. januar 2016.

Saksopplysningar:

Organisering i dag i Sula kommune:

Vi har 2 tilsette på skatteinnkrevjing i Sula kommune, arbeidsgjevarkontrollen er interkommunal og tilsvarar om lag 0,5 stilling for Sula kommune.

Hovudpunkta i forslaget

Dei kommunale skatteoppkrevjar kontora skal leggst ned og talet på kontor skal redusertast frå 288 til 27. Innkrevjing av skatt- og arbeidsgjevaravgift, arbeidsgjevarkontroll og skatterekneskap skal overførast frå kommunane til Staten. Kommunane i Norge Nyttar i dag 1411 årsverk til skatteoppkrevjar funksjonen dette skal reduserast til 985 årsverk.

Formålet med overføringa av skatteinnkrevjinga frå kommunane til skatteetaten er å sikre robuste fagmiljø, samt sikre ei meir samordna og effektiv innkrevjing.

Det er ved forslag til ny lokalisering lagt vekt på å skape ei god regional fordeling av arbeidsplassar og ei plassering der fleirtalet av skatteytarar og arbeidsgjevarar er lokalisert.

Det er anslått at Møre og Romsdal har 55 tilsette på skatteoppkrevjar kontora av dette er 12,7 stillingar brukt til kontrollarbeid. Talet på stillingar er foreslått redusert til 38.

Innkrevjing frå arbeidsgjevarar er i vår region foreslått overført til Trondheim.

Innkrevjing frå personlege skatteytarar i Møre- og Romsdal er foreslått lokalisert i Kristiansund og Ålesund med 9 årsverk i Kristiansund og 9 i Ålesund i tillegg skal kontrollen av arbeidsgjevarar styrkast og kontrollfunksjonen er foreslått lagt til Ålesund med 20 årsverk.

Føring av skatterekneskap er foreslått lagt til eit kontor i Lillestrøm.

Rettleiing av alle skatteytarar skal skje gjennom Skatteopplysninga (Skatteetaten si telefoneneste).

Det er ikkje avklart om ei overføring av skatteoppkrevjar funksjonen skal reknast som ei verksemdoverdraging, og kva som vil bli dei arbeidsrettslege konsekvensane for dagens tilsette. Det er opplyst at det må føretakast ei vurdering i kvar kommune om kriteria og vilkår for dette er til stades. Det er i utgreiinga punkt 13.1.2 opplyst at det kan tenkast at arbeidstakarar i ulike kommunar får ulike rettar alt ettersom om dei kjem inn under reglane om verksemdoverdraging i arbeidsmiljølova § 16

Ved ei overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Staten, vil kommunane få reduserte løns- og driftskostnader. Utgreiinga identifisert eit gevinstpotensiale for kommunane ved ei overføring. Samstundes vert det opplyst at det ikkje har vore mogeleg å utarbeide tilfredstillande estimat over verknader/effektar, og korleis dette vil slå ut i reduserte rammeoverføringar til kommunesektoren ligg utanfor utredninga å vurdere.

Vurdering:

Statleggjering av skatteinnkrevjinga er ei stor og vanskeleg sak som hadde vore naturleg å sjå i samanheng med kommunereforma.

Norges kemner og kommuneøkonomers forbund (NKK) har utarbeidd følgjande moment for å bevare dagens ordning:

- *Dagens skatteinnkrevjing er svært effektiv.* På samanliknbare skatteartar er dei kommunale skatteinnkrevjarane meir effektive enn dei statlege innkrevjarane. Kommunane si desentraliserte innkrevjing av arbeidsgjevaravgift har eit resultat på 99,8 %. Staten si sentraliserte innkrevjing av meirverdiavgift er mindre effektiv: 99,4 % (kjelde: Finansdepartementet, Statsbudsjettet 2015).
- *Erferingar frå Danmark.* Ti år etter at nabolandet vårt statleggjorde si skatteinnkrevjing, er dei ønska effektiviseringane enno ikkje gjennomført. Derimot har restansane økt kvart år.
- *Små endringar kan bety store tap.* Oslo Economics har gått gjennom talmateriale frå Finansdepartementet og berekna at endringar i innkrevjingsgrad på så lite som 0,05 – 0,15 prosentpoeng vil gjere reforma ulønsam for fellesskapet.
- *Kemneren (skatteoppkrevjaren) er viktig for kommunen.* Kemnerane inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Kommunane vil fortsatt måtte krevje inn pengar også etter ei eventuell statleggjering. Det er høgst uklart kva som skjer med kompetansen og effektiviteten i denne innkrevjinga etter ein statleggjering: Konsekvensane for kommunane er ikkje utgreidd.
- *Spørsmålet må sjåast i samanheng med kommunereforma.* Stortinget sitt mål er å flytte makt og ansvar til større og meir robuste kommunar. Statleggjering og sentralisering går motsett veg. Kvifor skal ikkje alle oppgåver sjåast i samanheng? Kvifor så travelt?

KS har også [vedtatt ein uttale](#) og har der m.a. tatt med følgjande moment:

- *Begrenser mulighetene for god kommunal likviditetsstyring.* Dette gjennom at kommunane ikkje lenger kan styre gjennomføringa av forskot på periodiske oppgjer. Skattedirektoratet seier dei vil erstatte dette med ein eller annen type ordning med forskot.
- *Redusert muligheter for bekjempelse av svart økonomi.* Skatteoppkrevjarane har god kontakt med og kjennskap til lokalt næringsliv, og dette bidrar til bekjempelse av svart økonomi også der arbeidsgjevarkontrollen er organisert som interkommunalt *samarbeid*.
- *Bortfall av mulighetene for ein enkelt og effektiv innkrevjing.* Kommunen sin særnamskompetanse er eit effektiv verkemiddel for kommunane, samtidig som det sparar innbyggjarane for betydelige beløp i innfordringsgebyr. Utan særnamskompetanse vil betydelig fleire kommunale krav måtte oversendast namsmannen for innfordring. Skattedirektoratet peiker i si utredning på at ein statliggjering av skatteinnkrevjinga vil utløyse behov for ein ny kommunal særnamskompetanse, iallfall i ein overgangsperiode. Skattedirektoratet går imidlertid ikkje nærmare inn i problemstillinga og viser til at det krev ein grundigare utredning.

Det er få konklusjonar i utgreiinga vedkommande dei personalmessige konsekvensane for dei tilsette. Dette skaper unødig usikkerheit. Fleire sider av dette burde ha vore avklara og betre opplyst før ein sendte forslaget ut på høyring. Om det vert statleg skatteinnkrevjing så er det å rekne som eit statleg pålegg. Staten må difor ta ansvar for at dette skjer på ein måte som i varetek arbeidstakerane. Staten må ta hovudansvar for å gjennomføre

virksomhetsoverdragelsen, og gjennom det ta ansvar for dei som vert overtalige. Staten må foreta ein detaljert kartlegging av antall personer/årsverk i god tid før eventuell overføring.

Det er lagt opp til at overgangen frå kommunal til statleg skatteinnkrevjing skal skje fort så det er fleire ting som ikkje er utreda, som til dømes:

- Dei personalmessige konsekvensane.
- Kostander/innsparingar for kommunane.
- Den kommunaleinnkrevjinga og særnamsmannskompetansen.
- Kommunal likviditetsstyring gjennom forskotsfordeling og derav rentetap.

Vedtak om statleggjing av skatteinnkrevjinga skal også skje før det er ferdig utgreidd kva kommunesektoren skal